

Eksamen

13. november 2017

HSE3001

Helsefremjande arbeid

Helsefremmende arbeid

Programområde:

Vg3 Helsesekretær

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Vurderingsretteiing:</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er kompetansemåla i læreplanen som er grunnlaget for vurderinga av eksamenssvaret• Beskriv alle vala du tek og begrunn dei fagleg• Bruk fagterminologi når du svarer på oppgåvene• I vurderinga blir det lagt vekt på at du uttrykker deg tydeleg og fagleg korrekt• Direkte avskrift frå kjelder inneber låg måloppnåing og vil bli vurdert til lågaste karakter.
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Andre opplysningar	Det er 4 oppgåver. Du skal svare på alle oppgåvene.

Oppgave 1

Les heile oppgåva før du startar.

Du arbeider på eit legekontor og får i oppgåve av leiiaren din å lage ein informasjonsbrosjyre om medikamentet Apocillin «Aktavis». Brosjyren skal innehalde desse punkta:

- *Verkestoff*
 - *Generisk bytte*
 - *Legemiddelformer*
 - *Kva for organsystem legemidlet er under*
 - *Interaksjonar*
 - *Dei vanlegaste biverknadene*
 - *Forklare korleis ein kan førebygge diare når ein går på medikamentet.*
- a. Du skal forklare korleis du går fram for å finne dei ulike punkta i felleskatalogen.
- b. Gjer greie for dei vanlegaste biverknadene ved bruk av dette medikamentet, og begrunn fagleg korleis desse kan førebyggast.

Oppgave 2

Harald Sørby, født 12.01.2013, kjem saman med mor si til legekantoret der du arbeider. Mor fortel at sonen har dårleg allmenntilstand.

- a. Forklar og gi eksempel på kva vi meiner med dårleg allmenntilstand.
- b. Gi eksempel på korleis du vil gå fram for å observere tilstanden til pasienten, og begrunn kvifor du gjer dette med utgangspunkt i teori.

Oppgave 3

Du arbeider på Storbyen legesenter. I dag kjem Laila Vik, født 19.09.1972, i luka og fortel at ho kjenner seg svimmel og trøytt. Når du går inn i journalen, ser du at ho har fått utført ein ventrikkelreseksjon for 3 månader sidan. Ho er vegetarianar.

Du skal på bakgrunn av pasientopplysningane forklare kva moglege årsaker til anemi er, og korleis pasienten sjølv kan førebygge denne sjukdommen ikkje-medikamentelt.

Oppgave 4

Guri Håheim, født 29.05.1955, har diabetes type 1. Ho kontaktar legekantoret fordi ho har eit sår under foten som væskar. Ho fortel at ho ikkje har lagt merke til dette før ho oppdaga at sokken var våt av blodblanda væske. Du set henne opp til time hos legen same dag. Etter legebesøket ser du i journalen at såret blir beskrive som *fotsår*.

Begrunn ut frå teori kva som skjer fysiologisk i kroppen når ein diabetespasient utviklar seinkomplikasjonar.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Vurderingsveiledning:</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er kompetansemålene i læreplanen som er grunnlaget for vurderingen av eksamensbesvarelsen• Beskriv alle valg du tar og begrunn dem faglig• Bruk fagterminologi når du besvarer oppgavene• I vurderingen vil det legges vekt på at du uttrykker deg tydelig og faglig korrekt• Direkte avskrift fra kilder innebærer lav måloppnåelse og vil bli vurdert til laveste karakter.
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Andre opplysninger	Det er 4 oppgaver. Du skal svare på alle oppgavene.

Oppgave 1

Les hele oppgaven før du starter.

Du jobber på et legekantor og får i oppgave av din leder å lage en informasjonsbrosjyre om medikamentet Apocillin «Aktavis». Brosjyren skal inneholde disse punktene:

- *Virkestoff*
 - *Generisk bytte*
 - *Legemiddelformer*
 - *Hvilke organsystem legemidlet er under*
 - *Interaksjoner*
 - *De vanligste bivirkningene*
 - *Forklare hvordan man kan forebygge diare når man går på medikamentet.*
- a. Du skal forklare hvordan du går frem for å finne de ulike punktene i felleskatalogen.
- b. Gjør rede for de vanligste bivirkningene ved bruk av dette medikamentet, og begrunn faglig hvordan disse kan forebygges.

Oppgave 2

Harald Sørby, født 12.01.2013, kommer i følge med mor til legekantoret der du jobber. Mor forteller at sønnen har dårlig allmenntilstand.

- a. Forklar og gi eksempler på hva som menes med dårlig allmenntilstand.
- b. Gi eksempler på hvordan du vil gå frem for å observere pasientens tilstand og begrunn ut fra teori hvorfor du gjør dette.

Oppgave 3



Du jobber på Storbyen legesenter. I dag kommer Laila Vik, født 19.09.1972, i luken og forteller at hun føler seg svimmel og trøtt. Når du går inn i journalen, ser du at hun har fått utført en ventrikelreseksjon for 3 måneder siden. Hun er vegetarianer.

Du skal på bakgrunn av pasientopplysningene forklare hva mulige årsaker til anemi er, og hvordan pasienten selv kan forebygge denne sykdommen ikke-medikamentelt.

Oppgave 4

Guri Håheim, født 29.05.1955, har diabetes type 1. Hun kontakter legekantoret fordi hun har et sår under foten som væsker. Hun forteller at hun ikke har lagt merke til dette før hun oppdaget at sokken var våt av blodblandet væske. Du setter henne opp til time hos legen samme dag. Etter legebesøket ser du i journalen at såret blir beskrevet som *fotsår*.

Begrunn ut fra teori hva som skjer fysiologisk i kroppen når en diabetespasient utvikler senkomplikasjoner.



www.vigoiks.no/eksamen